


PÅSKEEGG

Naturlig farging av påskeegg



PÅSKE-
AKTIVITET



HAUGA
LAND
MUSEET

Påske og egg høyrer saman. Kvifor?

Egget er eit fruktbarheits symbol- eit teikn på nytt liv. Urfolk fortel legender om at egget har magisk kraft, og blir det dekorert forsterkar det magien. Symbolet på det nye livet passar godt inn i den kristne påskebodskapen. Egget som symbol på Jesu oppstode.

Dekorerte egg har steke røter både i den katolske og den protestantiske kyrkja. Aust-europeiske land har ein rik tradisjon for å dekorere egg, og der var strenge reglar for korleis og kven som skulle male. Det var kvinnene som malte kunnskapen om symbolikk og teknikk gjekk i arv. Egga vart som små kunstverk med border, landskap eller bitte små motiv frå Bibelen.

Dei dekorerte egga blir brukt i dag og, vi finn dei i butikkar og kan fylle dei med smågodt eller marsipan.

Mange held og på tradisjonen med å male på egga til påske. Ein aktivitet som både er trivelig og gir rom for både konsentrasjon og ro.



NATURLIG FARGING AV EGG

Vil ein ikkje bruke pensel eller tusj, kan ein prøve seg på å farge egg med naturlige fargar. Eksempel og oppskrift finn du her:

Lag fargebad, kok ingrediensane i vatn til vatnet har fått god farge, sil av, og legg egga i fargebadet. Det er lurt å koke egga dagen før. Vil du ha kraftig farge må dei ligge lenge i fargebadet, gjerne over natta. Snu litt på dei så hele egget får farge. Du får ulik fargenyanse etter kor lenge egget ligg i fargen. Tørk egget, og om ein vil kan ein dekorere vidare med tusj, eller pensel.

- *Kaffi gir lysebrun farge*
- *Skall av løk gir kraftig oransje farge*
- *Rød kål gir kraftig blåfarge*
- *Rødbertar gir jordfarge*
- *Skall av rødløk gir brunfarge*
- *Gurkemeie gir lys gul farge*
- *Svart te gir rustrød farge*
- *Grøn te gir dus gulbrun farge*
- *Chilipulver gir lysebrun farge*
- *Blåbær gir blå farge*
- *Spinat gir lysebrun farge med litt grønt i*



BLOMST- OG BLADMOTIV

Ein anna måte å dekorere egga på er å feste blader eller blomar til egga innan du legg dei i fargebadet. Da legg du bladet på egget og knyt det fast med ein bit av ei nylonstrømpe. Bruk ei ballongknote eller ei tynn tråd. Deretter leggas egga i fargebadet. Her har vi brukt fargebad av blåbær og rødløk.

